

# Planprogram for kulturminneplan



**Vågsøy kommune 2015 - 2018**



Framlegg til offentlig ettersyn  
Vågsøy kommune  
08.05.2014



## Innhold

<b>1. BAKGRUNN OG MÅL</b> .....	<b>3</b>
1.1 BAKGRUNN .....	3
1.2 MÅL .....	4
1.3 PROBLEMSTILLINGAR .....	4
1.4 MANDATET .....	5
1.5 VERKTY OG HJELPEMIDDEL .....	5
<b>2. ORGANISERING</b> .....	<b>6</b>
2.1 ORGANISASJONSPLAN .....	6
2.2 BEMANNING AV PROSJEKTET PR. MAI 2014 .....	6
<b>3. RISIKOVURDERING OG KVALITETSSIKRING</b> .....	<b>6</b>
3.1 KRITISKE SUKSESSFaktorAR FOR PROSJEKTET/ARBEIDSGRUPPA .....	6
<b>4. GJENNOMFØRINGSPLAN</b> .....	<b>7</b>
4.1 ARBEIDSGRUPPA SINE MÅL .....	7
4.2 AKTIVITETS- OG RESSURSPLAN. FRAMDRIFTSPLAN. ....	7

Foto forside:

Måløy; Terje Sølvberg

## 1. BAKGRUNN OG MÅL

Kulturminna finnast overalt i våre fysiske omgjevnadar. Dei er meir eller mindre synlege spor etter menneska sitt liv og virke. Kulturminna er ein del av vår felles arv og minne. Kulturminnelova sin §2 inneheld fylgjande tre sentrale ledd:

*“Med kulturminne menes alle spor etter menneskelig virksomhet i vårt fysiske miljø, herunder lokaliteter det knytter seg historiske hendelser, tro eller tradisjon til.*

*Med kulturmiljøer menes områder hvor kulturminne inngår som en større helhet eller sammenheng.*

*Reglene om kulturminne og kulturmiljøer gjelder så langt de passer også for botaniske, zoologiske eller geologiske forekomster som det knytter seg kulturhistoriske verdier til.”*

Kulturminnedefinisjonen er i seg sjølv svært vid, og er ikkje basert på ei verdivurdering av spor frå fortida. Det er heller inga aldersgrense for kva som er eit kulturminne. Mangfaldet av kulturminne og kulturmiljø er stort og samansett, både i tid og rom, form og funksjon. Kulturminne er viktige og ein vesentleg del av vår kulturarv og knytt til forvaltninga av vårt fysiske miljø.

Kulturminne og kulturmiljø er viktige ressursar og verdiar i lokalsamfunnet. Kulturminne kan ha verdi som kjelde til kunnskap og opplevingar, og som bruksverdi. Kva kunnskap kan kulturminnet gje oss? Kva opplevingar kan kulturminnet gje oss? Og kva kan vi bruke kulturminnet til?

Det er opp til kommunen å avgjere kva som er viktige kulturminne, den lokale verdien. Utover det kan kulturminnet også ha regional eller nasjonal verdi. I nokre tilfelle kan kulturminneverdiane også vere på eit internasjonalt nivå.

## 1.1 BAKGRUNN

Alle har eit felles ansvar for å ta vare på kulturminne, kulturmiljø og landskap for komande generasjonar. Den offentlege forvaltninga har eit særskilt ansvar for å sikre at dei nasjonale måla for kulturminneforvaltning vert oppfylt. Gjennom bruk av plan- og bygningslova blir kommunen sentrale i dette arbeidet. Det er ei forventning frå Regjeringa at kommunen registrerer og verdiset kulturminne og kulturmiljø som har lokal verdi og arbeider desse inn i planar etter plan- og bygningslova.

I brev frå Riksantikvaren, datert 14.12.2012, inviterte Riksantikvaren fylkeskommunane til samarbeid, for å styrke kommunal kulturminneforvaltning. Der står det mellom anna:

*“God kulturminneforvaltning i kommunene krever kunnskap og oversikt over lokalhistorien og kulturminnene. Det er behov for styrket kulturminnekompetanse i mange kommuner, og det mangler gode oversikter over kulturminnene. Miljøverndepartementet og Riksantikvaren arbeider med et mål om kunnskpsløft for kulturminneforvaltning og har en satsing på dette som skal gå frem til 2017. Et viktig tiltak er å legge til rette for, og stimulere kommunene til å utarbeide kulturminneplaner.*

*Kommunedelplaner for kulturminne er gode verktøy for forvaltning av kulturminnene og vil samtidig auke oppmerksomheten og kunnskapen om dem. Riksantikvaren oppfordrer kommunene til å sette kulturminneplaner på dagsorden ved bl.a. registrering og planlegging”.*

Riksantikvaren lyste ut midlar til registreringsarbeidet. Vågsøy kommune har søkt og blitt tildelt 100 000 kroner. Vågsøy kommune etablerte eit samarbeid med Kystkulturlaget i Vågsøy, Fiskerimuseet i Måløy, Stiftelsen Måløyraidsenteret og Vågsøy historielag. Saman har vi fått registrert nokre kulturminne og lagt registreringane inn i databasen Kulturminnesøk.

I fylgje samfunnsdelen i Kommuneplan for Vågsøy 2013-2025 skal det utarbeidast kulturminneplan i 2014. Sogn og Fjordane fylkeskommune lyste ut midlar til utarbeiding av lokal kulturminneplan, Vågsøy kommune har fått tildelt 50 000 kroner til dette arbeidet.

Vilkår for tildeling:

- Det skal liggje føre tidfesta plan for gjennomføring av registreringar og utarbeiding av kulturminneplan.
- Det skal liggje føre politisk vedtak om utarbeiding av kulturminneplan.
- Kulturminna som vert registrert skal leggjast inn i Kulturminnesøk eller andre basar som kan utveksle data med Kulturminnesøk.
- Det skal utarbeidast korte statusrapportar om framdrift som skal sendast til fylkeskommunen to gongar årleg inntil arbeidet er slutført.

Oppstart av planprogram for kulturminneplan vart vedteke av planutvalet 13.06.2012 i sak 055/12.

## 1.2 MÅL

Eksisterande mål, nasjonale, regionale og lokale, for kulturminne og kulturmiljø

Nasjonale mål:

I behandlinga av Stortingsmelding nr 16 (2004-2005) gav Stortinget si tilslutning til desse strategiske måla som trekkjer opp viktige perspektiv for bruk og vern av kulturminne;

*«Mangfoldet av kulturminner og kulturmiljøer skal forvaltes og tas vare på som bruksressurser og som grunnlag for kunnskap, opplevelse og verdiskaping»*

*«Et representativt utvalg av kulturminner og kulturmiljøer skal tas vare på i et langsiktig perspektiv»*

Regionale mål:

Fylkeskommunen si satsing på lokale kulturminneplanar er ein del av fylkeskommunen si kommunesatsing 2010 – 2014, og har i perioden 2012 – 2015 sett av ekstra midlar til dette. Målet med satsinga er å styrke kommunane si operative rolle på kulturminnefeltet. Satsinga er også ei oppfølging av det nasjonale satsingsområdet «Kunnskapsløft for kulturminneforvaltninga» 2010-2014.

Lokale mål:

Å sikre eit mangfold av representative kulturminne og kulturmiljø i Vågsøy som fortel om vår kulturhistorie i eldre og nyare tid. Dette for å ta vare på og bringe vidare kulturarven og identiteten vår. Dette gjeld bygg og bygningsmiljø, gjenstandar og immaterielle kulturminne.

Planen skal ha som mål å formidle kunnskap om kulturminne og verdien av desse til innbyggjarar i eit vidt perspektiv. Planen vil også vere viktig for eigarar av kulturminne. Kulturminnet si forankring i planen er viktig med tanke på offentlege stønadsordningar og tilgang på rettleiing i bruk og vedlikehald.

I forvaltninga innan areal-, plan-, og byggesaker vil ein lettare kunne ta omsyn til kulturminneverdiane og gje ei meir effektiv handsaming.

Vi må finne ut kva kulturminne som er viktigast for Vågsøy, som representerer og fortel om Vågsøy sin kulturarv og identitet. Kulturminna skal så langt som mogeleg vere tilgjengelege for alle i samfunnet. Vi ynskjer at planen skal definere kva kulturminne vi vil satse på i forhold til universell utforming.

## 1.3 PROBLEMSTILLINGAR

I planen ynskjer vi å greie ut:

- kva kulturminne som skal dokumenterast/registrerast for ettertida før dei går tapt
- kva kulturminne som skal takast vare på
- kva tiltak som må setjast i verk for at vi skal kunne ta vare på kulturminna.

Arbeidet med kulturminneplanen skal bidra til at vi får:

- auka kunnskap og medvit om kulturminneverdiane i kommunen
- oversyn og verdisett viktige kulturminne, kulturmiljø og landskap
- oppdatert dei nasjonale databasane Askeladden og Kulturminnesøk
- betre forvaltning av kulturminne blant anna gjennom bruk av plan- og bygningslova
- utvikla eit godt samarbeid mellom ulike aktørar
- samarbeidsmodellar mellom lokale kunnskapsmiljø som blir robuste på lang sikt.

Gjennom arbeidet skal det avklarast korleis planen skal innrettast, samt omfang og innhald. Arbeidet med planprogrammet bør vere ein prosess der kommunen kjem fram til kva som er dei viktigaste problemstillingane knytt til kulturminne og kulturmiljø, og kva som skal vere målet med planarbeidet. Vi skal og kome fram til prioriterte satsingsområde innan kulturminne.

## 1.4 MANDATET

Vi skal ha brei medverknad for å skape interesse og engasjement om planen. Vi må samarbeide med fleire lag og organisasjonar. Dei ulike bygdelaga skal vere viktige samarbeidspartar.

Vågsøy kommune skal saman med lag og organisasjonar arrangere temadagar om emnet for å skape interesse.

Vi må gå igjennom eksisterande kunnskap, vurdere om det må gjerast kontrollregistreringar, eller om det skal registrerast meir eller på andre måtar enn det er registrert i dag. Gjev kulturminna som alt er registrerte, eit godt og dekkande bilde av dei lokalthistoriske forholda?

I kulturminneplanen vil ein lage ei *kort* skildring av Vågsøy si historie og oversikt over ulike *viktige kulturminne*

Det skal i planen vere fokus på kulturhistorisk verdi. Det skal lagast plan for formidling og skilting.

### Prioriterte område (satsingsområde)

Kulturminnefeltet er stort, og i planprogramfasen skal ein kome fram til område som er særmerkte og viktige for Vågsøy. Det vil kanskje bli naudsynt med avgrensingar innanfor satsingsområde. I Vågsøy har vi i registreringsperioden jobba med krigsminne og kystkultur.

Vi ynskjer at innbyggjarar i Vågsøy tek stilling til om dette er våre viktigaste kulturminne.

Eit val av satsingsområde inneber at vi i denne omgang vel vekk andre område. Dei vil få ei kort omtale i kulturminneplanen, men vert ikkje tekne inn i handlingsdelen. Ved seinare politisk handsaming er det likevel mogeleg å få inn andre kulturminne i handlingsplanar. Vi ynskjer og at innbyggjarar brukar registreringsverktøyet og databasen Kulturminnesøk og registrerer kulturminne både innan og utanfor satsingsområda.

<b>Spesielle premisser:</b>	Arbeidsgruppa står fritt til å knyte til seg andre fagfolk/rådgevarar. Arbeidsgruppa må ha kjennskap til kva utfordringar kommunen står overfor, nasjonale mål, lover og retningslinjer som gjeld for prosjektområdet.
<b>Ansvar:</b>	Prosjektleiari
<b>Frist:</b>	Sluttrapport godkjent av prosjektansvarleg hausten 2015
<b>Ressursar:</b>	Prosjektet har fått eit tilskot på 50 000 kroner

## 1.5 VERKTY OG HJELPEMIDDEL

Registrering av kulturminne og kommunedelplan for kulturminne – Håndbok for lokale registreringar.

Riksantikvaren har laga ei handbok for gjennomføring av lokale registreringar av kulturminne. Målet med handboka er todelt. Det eine målet er å styrke kunnskapen om kulturminne. Det andre er å få oversikt over kulturminneverdiane for å gjere rette val i forvaltninga av kulturarven.

Landskaps- og stadanalysar.

Riksantikvaren har laga metodar for landskapsanalysar i lag med Direktoratet for naturforvaltning og for kulturhistorisk stadanalyse (DIVE-metoden). Desse metodane ynskjer vi vert nytta for å betre kunnskapsgrunnlaget for planvedtak i kommunane.

Kulturminner i kommunen – Kulturminneplaner

Utgeve i november 2013 av Riksantikvaren. Dette er ei rettleiing som er eit bidrag til kommunen sitt arbeid med kommunedelplanar for kulturminne og kulturmiljø. Målgruppa er kommunar som skal i gang med, eller har starta arbeidet.

Kulturminneregistrering i Måløy sentrum - med vekt på bygningsmasse før og etter 1900.

Rapporten vart utarbeidd i 2012 i samband med områdeplan for Måløy sentrum.

Verdifulle kulturlandskap og kulturmarkstypar i Sogn og Fjordane.

Høgskulen i Sogn og Fjordane har gjennomført ei registrering av verdifulle kulturlandskap.

SEFRAK - Sekretariatet for registrering av faste kulturminner i Norge  
Eit landsdekkande register over eldre bygningar og andre kulturminne. Registreringa vart gjort mellom 1975 og 1995. Bygningar bygde før 1900 vart registrerte.

#### Askeladden

Riksantikvaren sin offisielle database over freds kulturminne og kulturmiljø i Norge.  
[www.asketadden.ra.no](http://www.asketadden.ra.no)

#### Kulturminnesøk

Nettstad med oversikt over kulturminne. I tillegg til nye registreringar, vert det lagt inn opplysningar frå SEFRAK og Askeladden.  
[www.kulturminnesok.no](http://www.kulturminnesok.no)

#### Fylkesarkivet

Arkivet inneheld omfattande og viktige kjelder til den lokale historia for Sogn og Fjordane (foto, film, lydopptak og liknande).  
[www.fylkesarkiv.no](http://www.fylkesarkiv.no)

Planstatus, gjeldande planar og retningslinjer:  
Kommunalplan for Vågsøy 2013- 2025  
Kommunal plan for idrett, fysisk aktivitet og friluftsliv (2011-2014)

## 2. ORGANISERING

### 2.1 ORGANISASJONSPLAN

**Oppdragsgjevar og styringsgruppe:**  
Oppvekst og kulturutvalet.

**Prosjektansvarleg:**

Kommunalsjef Oppvekst og kultur

**Prosjektleder/sekretær**

Tenesteleiar Kultur

**Prosjektgruppe/arbeidsgruppe**

Leiar av Oppvekst og kultur  
Rep. frå Kystkulturlaget i Vågsøy  
Rep. frå Fiskerimuseet i Vågsøy  
Rep. frå Stiftinga Måløyraidsenteret  
Rep. frå Vågsøy historielag  
Kommunalsjef Oppvekst og kultur  
Prosjektmedarbeidar kulturkontoret

Fylkeskommunen ved prosjektleder for lokale kulturminneplanar deltek i prosjektgruppa som observatør og rådgjevar

## 2.2 BEMANNING AV PROSJEKTET PR. MAI 2014

<i>Namn</i>	<i>Rolle/ansvar</i>
Odd Gunnar Myhre	Prosjektleder / sekretær
Tone Holvik	Prosjektansvarleg
Bjørn Eide	Prosjektmedarbeidar
Arve Idar Utnes	Prosjektmedarbeidar
Terje Sølvberg	Prosjektmedarbeidar
Kari Morvik	Prosjektmedarbeidar
Herdis Holvik	Prosjektmedarbeidar
Arthur Jensen	Prosjektmedarbeidar
Dagny-Ann Gangeskar	Prosjektmedarbeidar
Gunhild Berge Stang, Fylkeskommunen	Observatør og rådgjevar

## 3. RISIKOVURDERING OG KVALITETSSIKRING

### 3.1 KRITISKE SUKSESSFaktorAR FOR PROSJEKTET/ARBEIDSGRUPPA

Identifiserte kritiske suksessfaktorar for prosjektet er:

	<i>Kritiske suksessfaktorar</i>	<i>Tiltak</i>
1.	Kompetanse	Bruke lokal og ekstern kunnskap
2.	Storleik på planen	Alle må vere gode på å avgrense ordbruken når vi skriv. Vere kortfatta. Konkret.
3.	Tid	At kvar enkelt medlem arbeider med delegerte oppgåver mellom møta. Klar struktur i møta. Lage møteplan som alle er forplikta til å møte opp på.
4.	Involvering.	Skape møteplassar der aktuelle tema vert lyfta fram.



## 4. GJENNOMFØRINGSPLAN

### 4.1 ARBEIDSGRUPPA SINE MÅL

Nr.	Mål	Ansvar
1.	Vi skal ha brei medverknad for å skape interesse og engasjement om planen. Vi må samarbeide med fleire lag og organisasjonar. Dei ulike bygdelaga skal vere viktige samarbeidspartar.	Prosjektleiari
2.	Vågsøy kommune skal saman med lag og organisasjonar arrangere temadagar om emnet for å skape interesse.	Prosjektleiari
3.	Vi må gå igjennom eksisterande kunnskap, vurdere om det må gjerast kontrollregistreringar, eller om det skal registrerast meir eller på andre måtar enn det er registrert i dag. Gjev kulturminna som alt er registrerte eit godt og dekkande bilde av dei lokalhistoriske forholda?	Prosjektleiari
4.	I kulturminneplanen vil ein lage ei <i>kort</i> skildring av Vågsøy si historie og oversikt over ulike <i>viktige kulturminne</i>	Prosjektleiari
5.	Det skal i planen vere fokus på kulturhistorisk verdi. Det skal lagast plan for formidling og skilting.	Prosjektleiari

### 4.2 AKTIVITETS- OG RESSURSPLAN. FRAMDRIFTSPLAN.

Mål nr. 1: Medverknad:

Dato	Aktivitet	Ansvar
Hausten 2014	Møte med bygdelag og andre lag og organisasjonar. Møta skal haldast ute i bygdene.	Kulturkontoret

Mål nr. 2: Arrangere temadagar:

Dato	Aktivitet	Ansvar
Haust 2014	Avklare aktuelle tema og skape møteplassar for dei som har interesse for temaet. Samarbeid med fylkeskommunen.	Kulturkontoret

Mål nr. 3: Kontrollregistreringar

Dato	Aktivitet	Ansvar
Haust 2014 – vår 2015	I samarbeid med prosjektgruppa vurdere ulike kjelder til kunnskap. Hente inn ny informasjon.  Avklare område/tema som bør registrerast.	Prosjektleiari

Mål nr. 4: Skildring av Vågsøy si historie og oversikt over ulike viktige kulturminne

Dato	Aktivitet	Ansvar
Våren 2015	Hente inn informasjon om vår lokale historie. Setje dette i system i samarbeid med prosjektgruppa.	Prosjektleiari

Mål nr. 5: Det skal i planen vere fokus på kulturhistorisk verdi. Det skal lagast plan for formidling og skilting

Dato	Aktivitet	Ansvar
Våren 2015	I samarbeid med fylkeskommunen og prosjektgruppa identifisere aktuelle kulturminne og vurdere desse ut frå ein kulturhistorisk verdi.  Lage plan for formidling og skilting av utvalde kulturminne.	Tenesteleiari kultur

Det skal lagast handlingsplan for forvaltning av kulturminne i eit 4 års-perspektiv. Denne skal reviderast kvart fjerde år.